

Til kommunane i Nordhordland og Gulen

## UTTALE TIL INTENSJONSAVTALE NORDHORDLAND KOMMUNE

Utdanningsforbundet sine lokallagsleiarar og hovudtillitsvalde i Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Meland, Modalen, Lindås og Radøy kommunar har utarbeidd eit felles forslag til justering av intensjonsavtalen for Nordhordland kommune. Forslag til endringar i teksten er merka med kursiv.

### Til pkt.4 Hovudprinsipp:

Kommentar til første strekpunkt:

Ut frå eit skule- og barnehageperspektiv ser vi det som viktig å ha ein stabil og føreseieleg struktur, og at «likeverdige tenester» byggjer på pedagogiske omsyn og ikkje økonomiske. «Likeverdige tenester» seier ingenting om kva nivå tenestene skal liggja på når det gjeld kvalitet og ressursbruk.

### Til pkt.7 Prinsipp for tenestetilbod og kompetanse:

Setning nummer to i innleiinga bør skrivast om til «*Ein ny kommune skal både yta gode tenester ut frå dagens behov, og rustast til å kunna handtera framtidens utfordringar og arbeidsoppgåver.*»

Første setning under «Tenesteyting» bør endrast til «Tenestetilbodet skal vera *minst* på same nivå som i dag.»

Andre setning i tredje avsnitt under «Tenesteyting» bør endrast til «*Ingen kommunale skular eller barnehagar skal leggjast ned som følgje av ei kommunesamanslåing.*»

Første setning i femte avsnitt under «Tenesteyting» bør endrast til «*Den nye kommunen vil oppretthalda og styrka det kommunale kulturskuletilbodet, og byggja vidare på og stimulera det lokale.....*»

Tredje og fjerde setning i femte avsnitt under «Samfunns- og næringsutvikling» bør endrast til «*Kommunen skal arbeida for at Knarvik vidaregåande skule og Austrheim vidaregåande skule skal ha eit breitt og mangfaldig tilbod, og at begge skulane vert prioritert i fylkeskommunen sin økonomiplan i høve til utbygging/nybygg.*»

Under «Prinsipp for kompetanse» bør det stå «*Rett kompetanse er grunnlaget for eit godt tenestetilbod. Det skal vera eit prioritert satsingsområde å skaffa, utvikla og halda på dyktige og kvalifiserte fagpersonar. Kommunen skal vera ein attraktiv arbeidsplass. Kompetansekartlegging skal bidra til betre.....*»

Til pkt 9 Kommunen som arbeidsgjevar – administrative prosessar:

Tredje setning i første avsnitt bør endrast til «Det vert lagt opp til høg grad av medverknad *frå dei tilsette og deira organisasjonar* på lokalt og sentralt nivå, både.....»

I andre avsnitt bør det visast til Arbeidsmiljølova: «Å byggja ein ny kommune er juridisk sett ei verksemdsoverdraging. Det inneber at dei tilsette er sikra rettane som er fastsette i lov- og avtaleverk (*AML §14*).»

Punktlista under «Framlegg til prinsipp for vidare drøftingar med arbeidstakarorganisasjonar» bør språkvaskast og justerast noko:

- Alle tilsette har rett på jobb i den nye kommunen, og skal ikkje få reduksjon i løna si (*AML §14, HTA §3.4.1*).
- Berørte leiarar (over tenestestadleiar) skal søkja nye leiarjobbar *i kommunen*.
- *Prosessane skal pregast av openheit og dialog. Kommunikasjonsstrategi skal prioriterast.*
- *Det skal, i samsvar med lov- og avtaleverk, lagast ein omstillingsavtale i samhandling mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.*
- Tillitsvalde skal vera representerte i styringsgruppene i kvar kommune.
- *Det skal gjennomførast informasjonsmøte, drøftingsmøte og høyringar i samband med intensjonsdokumentet og prosessen.*

Til pkt 11 Veggen vidare:

Tredje avsnitt bør utvidast: «For å sikra framdrift i prosessen etter vedtaket i juni vil forhandlingsutvalet arbeida med å førebu samanslåing og koordinera samarbeidet mellom kommunane frå til Fellesnemnd er valt (jf, Inndelingslova). *Arbeidstakarorganisasjonane skal her vere representerte.*»

Nest siste avsnitt treng litt språkvask: «Det vert oppretta eit partssamansett utval med ansvar for å drøfta arbeidsgjevarspørsmål. Utvalet *skal bestå av fellesnemnda sine medlemar og to arbeidstakarrepresentantar* frå kvar kommune. Desse *skal peikast ut av dei tilsette sine organisasjonar.*».

Knarvik, 8.april 2014

Geir Follesø, HTV og lokallagsleiar, Utdanningsforbundet Austrheim  
Brit Gunn tangen, HTV og lokallagsleiar, Utdanningsforbundet Fedje  
Mona Midtun, HTV og lokallagsleiar, Utdanningsforbundet Gulen  
Laila Rydland, lokallagsleiar, Utdanningsforbundet Lindås  
Jarle Næss, HTV, Utdanningsforbundet Lindås  
Ørjan Valestrand, HTV og lokallagsleiar, Utdanningsforbundet Masfjorden  
Adolf Hovgaard, HTV og lokallagsleiar, Utdanningsforbundet Meland  
Kari Øvretveit, HTV og lokallagsleiar, Utdanningsforbundet Modalen  
Elisabeth Bygstad, HTV og lokallagsleiar, Utdanningsforbundet Radøy